



Konrad Risnes

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/2051 - 18/2396

Saksbehandlar:

Olaf Michal Hella

olaf.hella@radoy.kommune.no

Dato:

15.02.2018

Tilkomst med rullestol til "vestfløyen" på Manger Barneskule - purring på svar

Takk for epost og påminning.

Skulen og kommunen er oppteken av at elevane skal ha eit trygt og helsefremjande skulemiljø. Det er særst beklageleg og uheldig at elevar vert skadd på skulen. Kommunen arbeider for å leggje til rette for at menneske med nedsett funksjonsevne skal ha same rett til tilkomst til kommunen sine bygg. Alle nye bygg kommunen har skal stette krav om universell utforming (TEK 17). For gamle bygg ser kommunen etter gode løysingar som kan ivareta og inkludere alle.

Det er kontrollert om løfteplattforma i vestfløyen er bygd etter plan og bygningslova og TEK 10. TEK 10 seier at det skal vere plattformstorleik på 1100 x 1600 mm, medan løfteplattforma har plattformstorleik på 900X 1500 mm. Grunnen til avviket er at ein ikkje kunne ta bort meir av betongbæring og at det var eit el –skap plassert her. Løysinga er vurdert som forsvarleg av ansvarleg prosjekterande for løfteinnretningane, og i samsvar med unntaksføresegna for eksisterande bygg i plan- og bygningslova § 31-2. Vedkomande vidare bygningsmessige forhold på Manger skule viser eg til munnleg tilbakemelding frå leiar ved teknisk drift.

Slik skulen er bygd har ein vurdert kva som vil vera mest tenleg for eleven. Omsyn til at eleven skal vere inkludert i eigen klasse så langt som råd har vore viktige vurderingar. Dette omsynet gjer at eleven må bruke den omtalte løfteplattforma. Eleven kan også bruke grupperom i andre etasje i nærleiken av skulens kontor og leiing. Her er det personheis som er større og stettar krav til heis etter TEK 10 standard. Skulen si vurdering er at ei slik plassering vil medføre for lang avstand til dei andre elevane i klassen og eleven vil verte langt borte frå medelevane i klassen. Dette vil gjere at eleven i mindre grad vert inkludert.

Vernepleiar har sendt avviksmelding på hendinga 23.10.2018 til rektor.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Tiltak skildra av rektor:

- Melding til heimen om skade.
- Saka vert teken opp med teknisk avdeling i kommunen.
- Vurdere andre løysingar for eleven neste skuleår.
- Synfaring av teknisk avdeling på forholda for å vurdere om ein kan gjera tiltak.

Det vil i ein unntakssituasjon som brann eller straumbrot vere trong for ekstraordinære tiltak. Det er skulen som er ansvarleg for at ein har gode prosedyrar som er innarbeidd i personalet. Det er ulike måtar å rømme bygget i ein slik situasjon. Heis skal aldri brukast ved brann eller straumbrot.

Ved straumbrot har ein betre tid og i dei fleste tilfella kjem straumen tilbake raskt, slik at heis kan brukast. Ved lengre straumbrot må en administrera bæring av rullestol og brukar på en omsynsfull og verdig måte.

Kommunen vil gå gjennom rutinar slik at ein førebyggjer at eleven ikkje opplever fleire uønskte hendingar.

Med helsing

Olaf Michal Hella
kommunalsjef oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Konrad Risnes